

| Nr. | Namn adresse | Objektet | Kostnad | Omsøkt | Tilråding | Tiltaket | Grungjeving |
|-----|--|--|---------|---------|-----------|---|---|
| 1 | Gunnvor Fjeld-Nielsen Kirkevikvn. 40/42, 5307 Ask (Askøy) | Gårdsbruk med våningshus, kårhus, løe med stall og fjøs og høyløft, | 320 000 | 270 000 | 20 000 | Drenering, reparasjon av steingardar, samt vøling av fjøs og løe. | Søknaden er omfattande og søknadssummen er vesentleg større enn det som er vanleg nivå på tilskot frå vern og vøl-midlane. Ut frå tiltaka som er beskrivne vil vi anbefale å få lage ei prioriteringsliste som bassert på ei tilstandsregistrering. Her vil ein fagperson kunne gje gode råd og vink. Vi tilrår støtte til å få utarbeidd ei slik registrering. |
| 2 | Linda og Trygve Syslak Hoplandsjøen 79 (Austrheim) | Samanbygd anlegg (Våningshus og fjøs) | 717 500 | 717 500 | 30 000 | Diverse, men prioritet å starte med drenering i bustaddelen | Tørrmurte konstruksjonar er eit særtrekk for Nordhordlandsregionen. Samanbygde anlegg i so pass god stand som på Hopland er det svært få att av i Hordaland. I søknaden er det lista opp ei rekke tiltak, men med dei avgrensa midlane HFK har til rådvelde, samt den store søkarmassen kan vi ikkje imøtekome heile søknadssummen. Tiltaka er av ein slik art at dei kan delast opp i delprosjekt. Vi vil tilrår støtte til drenering i bustaddelen. |
| 3 | Kari Korneliussen Rosesmuget 12, 5036 Bergen (Bergen) | Ytterdør | 92 200 | 92 200 | 40 000 | Ny dør og dørstokk. Eigar har fått utarbeidd kostnadsoverslag av byggmeister Anders Johansson | Rosegrenden er eit av fleire område i Bergen som er regulert til bevaring. Når bygningen ikkje er freda blir det ei større økonomisk byrde for eigar dersom det skal skiftast bygningsdeler som er spesiallaga. Vi har i telefonsamtale sjølv anbefalt eigar om å ikkje bruke dør frå ferdighusfirma då det vil endre mykje på opplevinga av |

| | | | | | | | |
|---|--|---------------------------------|-----------|---------|--------|---|---|
| | | | | | | | kulturminnet. Tilbodet som føreligg syner at døra vil representere ein stor kostnad, og vi synes det er bra at eigar likevel vil gå for denne løysinga. Vi vil derfor støtte tiltaket. |
| 4 | Synnøve Kløve-Graue Wernrsholmvegen 21A 5232 Paradis (Bergen) | Tørrmura trapp i hageanlegg. | 281 500 | 40 000 | 20 000 | Rehabilitering av trapp i hageanlegg | Det er prisverdig at denne typen kulturminne, ein større tørrmurt hagestrapp blir tatt vare på. Kalkylen er greit oppsett av tørrmurspecialist Haakon Aase. Søkjar opplysar at tiltaket fekk økonomisk stønad frå Kulturminnefondet i 2016. Vi vil tilrå søknaden. |
| 5 | Signy og Gary Kolderup/Tora Krog Molløesmauet 10 (Bergen) | Bustadhus | 122 235 | 60 000 | 5000 | Skifte ytterpanel på fasade mot Molløesmauet og sandblåsing av gjerde på smijarnaltan. | Slik søknaden er framstilt er dette rein utskifting av kledning, medan støtteordninga er meint å dekke antikvariske meirkostnader. Vi tilrår støtte til sandblåsing av smijarnsaltan. |
| 6 | Fana Ungdomslag, Krokeidevegen20,5244 (Bergen) | Fana Ungdomshall, Bjørkhaug | 1 200 000 | 300 000 | 41 000 | Taket har tydelige teikn på setninger i takflata. Innvendig er det oppstått sprekker i takornamenter og veggane viser tydelige teikn på at dei vert pressa utover. Kledninga utvendig er sprukke opp grunna dette. Tilskotet skal nyttast til å rette opp veggane, ved å montere stålwirer og/ eller stålrør innvendig. Tilskotet skal også nyttast i samband med ny takteking, med tilhøyrande renner og beslag. | Fana ungdomshall er eit flott kulturminne som har fått stå rimeleg "urørt", og i kraft av det er det ganske autentisk. For å få utført sikring av konstruksjonen er det ein fordel å ta av taket, slik at tyngda av taket er borte. Taket var uansett planlagt å leggest om då innfestinga (spikaren) har ei viss levetid. Tiltaket representerer ein stor kostnad for ungdomslaget, som til tross for å ha fått på plass mange aktivitetar og mykje bruk av huset, har lite inntekter. Den interessa som dei syner for å |

| | | | | | | | |
|---|---|------------------------------|---------|---------|--------|---|---|
| | | | | | | | ivareta bygningen er prisverdig, og vi vil støtte tiltaket. |
| 7 | Øvre Korskirkealmenning 1 A/S (Bergen) | Større murbygning i tre etg. | 190 000 | 140 000 | 20 000 | Tilskotet skal nyttast til å utbetre skader på fasadelement, som dører og på taket. På grunn av ristingar i grunnen, ein konsekvens av auka trafikk gjennom Øvre Korskirkealmenning og Kong Oscarsgate, og endringar i grunnen, oppstår det sprekker i veggjar og konstruksjonar. Dette fører til forvitring av fasadar og konstruksjonar | Svært eksponert bygning i historisk viktig gateløp/bylandskap. Eit eventuelt tilskot er meint å gå til utbetring av skader på taket og rehabilitering av ytterdør. Dette er tiltak som er i tråd med retningslinene. Det er innhenta kostnadsoverslag som ligg til grunn for søknaden. Vi tilrår støtte til rehabilitering av ytterdør. |
| 8 | Ellinor Skjerping og Jan Inge Wold Lille øvregate 26 (Bergen) | Ytterdør i Lille øvregate 26 | | 25 000 | 25 000 | Reparasjon av Ytterdør frå tidleg 1800 talet | Vi har i telefonsamtale anbefalt eigar om å kopibygge eller reparere då ei "vanleg" dør vil endre mykje av kulturminnet. Tilbodet syner at berre ein reparasjon av døra vil representere ein stor kostnad, og vi synes det er bra at eigar likevel vil gå for denne løysinga. Vi vil derfor tilrå å støtte tiltaket. |

| | | | | | | | |
|----|---|-------------------------------------|---------|---------|--------|--|---|
| 9 | Fyllingsdalen Historielag Postboks 1423 Oasen 5828 Bergen (Bergen) | Sagbruk Sælen Gård Fyllingsdalen | 330 000 | 330 000 | 20 000 | Frå søknaden: "Et slikt prosjekt må deles i flere faser. Det viktigste er å få betong konstruksjon av demning (stemmen) tilbakeført slik at vannet kan gå der det skal gå, og at vi klarer å stoppe undergraving og utvasking. Del to blir å få oversikt over restene av vannturbin og det historiske. Foreløpige undersøkelser viser at dette er en turbinteknologi som kom til Norge fra USA i 1840 årene. Vi har i dag ryddet og rengjort betong stemmen (demning) Vi har fått turbinen løftet ut av elven og er i dag forvart i Løen på Sælen Gård. Turbinen er identifisert, dette er en Norsk patent fra tidlig 1900 og er produsert i Sørumsund. Altså tidlig Norsk turbinutvikling og produksjon." | Vasskraftshistoria før elektrifiseringa har ikkje fått mykje merksemd og det er viktig å ta vare på nokre representantar for desse tekniske kulturminna. Det er, som det blir nemnt i søkaden, eit omfattande prosjekt å sette i stand heile dette anlegget. Difor er strategien med å dele opp prosjektet i fleire mindre tiltak viktig. Vi vil tilrå støtte til å få tilbakeført stemma. |
| 10 | Nina Øyen Lappen 13 (Bergen) | Forstøtningsmur | 426 125 | 50 000 | 25 000 | Istandsetting av forstøtningsmur | Istandsetting av tørrmurar som dette i Lappen 11-13 krev spesialkompetanse, noko som er fordyrande for prosjektet. Tiltaket kjem heile gatemiljøet til gode og har meir offentleg enn privat karakter. Vern og vøl midlane frå Hordaland fylkeskommune skal primært gå til å dekke meirkostnadar med å ta vare på antikvariske verdiar. Dette tiltaket fell inn under retningslinene for denne tilskotsordninga og vi tilrå støtte. |

| | | | | | | | |
|----|---|------------------------------|-----------|--------|--------|---|--|
| 11 | Eierseksjonsameiet Skivebakken 23 (Bergen) | Bustadhus - Bustadsameige | 479 028 | 94 000 | 20 000 | Istandsetting av utvendig kledning + vinduer | Det er eit omfattande vedlikehald/istandsettingsarbeid som er skildra i søknaden. Dei fylkeskommunale midlane til Vern og vøl skal primært gå til å dekke meirkostnadar som følge av at ein tek vare på antikvariske verdiar. Nokre av tiltaka i søknaden (høvla alkledning og bruk av linoljemaling) fell inn under denne kategorien, men vi kan ikkje imøtekome heile søknadsummen då det er avgrensa midlar til rådvelde. Vi tilrår støtte. |
| 12 | Reidun Takvam Takvamvegen 74, 5264 Garnes (Bergen) | Gamal lemstova på Takvam. | 1 080 000 | 30 000 | 25 000 | Omfattande restaureringsplan v/ Rune Revheim. Taket må leggest om, nokre sperr må bytast, alle vindauge må bytast samt alle ytterdører. I tillegg må bjelkelag og delar av golv i 1. etg bytast. | Det er positivt at denne gamle lemstova no skal nyttast til bustad att. Tiltaka, slik dei er skildra i søknaden, tek omsyn til kulturminneverdien til bygningen og er i tråd med retningslinene for denne stønadsordninga. Det er omfattande tiltak som skal settast i verk for å gjere huset om til bustad og det er store meirkostnadar med å ta vare på antikvariske verdiar. Vi tilrår støtte til omlegging av taket. |
| 13 | Marit Tove Jørstad m/fl (Bergen) | Gatedør | 100 000 | 30 000 | 30 000 | Ytterdør i dårleg stand | Amalie Skram`s barndomsheim. Døra er truleg original og det er stor kostnad å sette den i god stand. |
| 14 | Kjell Steinsvåg (Bømlo) | Løbygning | | 35 000 | 20 000 | Istandsettingsarbeidet/reparasjons arbeidet på løbygningen kom som resultat av ei forsikringsløysing og er utført. Kostnaden er beskriven som større enn forsikringssummen. | Eigar har tre bygningar som er freda, samt to andre og relativt store bygg som ikkje er freda på Hiskholmen. Erfaring tilseier at det er krevjande på fleire måtar å halde så mange |

| | | | | | | | |
|----|---|--------------------|---------|---------|--------|--|--|
| | | | | | | Eigar ber om å få dekkja deler av mellomlegget. | bygningar i god stand. Vi tilrår å støtte søknaden. |
| 15 | Bente og Ole Johansen Børkjenesvegen, 5590 Etne (Etne) | Skjersvik bakaromn | 168 000 | 133 000 | 40 000 | Ein ynskjer å få bakaromnen i slik stand at den på ny kan brukast til bakverk og anna matlaging. Det vil vere trong for kyndig rettleing, og handverkar til å utføra jobben. Bakaromnen treng nye luker/dører. Det er planar om å baka og laga mat i bakaromnen til besøkande i tømmerstovene i huset. | Det er ikkje mange slike omnar som no er i bruk, og vi vurderer istandsettinga som eit godt tiltak som vil supplere opplevinga for dei besøkande. Kombinasjonen av det istandsette huset med aktiv bruk av omnen skapar ei totaloppleving som i sum er større enn dei enkelte kvalitetane. Vi tilrår søknaden. |
| 16 | Stormark Grendahus v/Lisbeth Stormark (Fedje) | Grendahus | 10 300 | 5 000 | 5 000 | Utskifting av to vindauge i Storsalen. I samtale med Lisbeth Stormark 08.11.2016 opplyser ho at det er pvc vindaugskarmar, noko denne tilskotsordninga ikkje er meint å gje støtte til. Omsøkt beløp er nøkternt, og representerer i realiteten berre monteringskostnaden. | Eit enkelt tiltak som i utgangspunktet hevar den tekniske kvaliteten på bygget. Støtte til vindauge av denne kvaliteten (PVC) fell ikkje innafør ordninga, men samstundes ser vi at dette representerer eit fornuftig vedlikehald, der vi tilrår støtte til kostnaden ved monteringa. |
| 17 | OMYA HUSTADMARMOR AS / Per Ågotnes (Fjell) | «Knarrevikløa» | 146 375 | 123 375 | 10 000 | Bekjempelse av skadedyr - borebille, rotter og mus. Drenering. El anlegg på loftet. | Løebygningen er ei stor bygning som er i rimeleg god stand. Vi gjer midlar til drenering av området rundt bygningen. |
| 18 | Walter Pedersen Sandalsringen 216 5225 Nesttun (Fjell) | Hytte i Djupevika | 15 900 | 7 000 | 4 000 | Vedlikehald/mindre reparasjon av "historisk" hytte | Søker ber i realiteten om å få dekkja materialkostnader til nødturfta vedlikehald/reparasjon, der kostnader er halde på eit minimumsnivå. Hytta har ein kulturhistorisk verdi i kraft av omstende under siste verdskrigen. Den er ut frå beskrivinga ein god representant for den nøyse |

| | | | | | | | |
|----|---|------------------------------|-----------|---------|--------|---|--|
| | | | | | | | hyttedraumen ein hadde på den tid, og den har fått stå rimeleg autentisk. Søkjar har beskrive eit nøkternt tiltak, og vi tilrår tilskot. |
| 19 | Dag Kyrre Lygre (Fusa) | Løetak i Lygre | 400 000 | 20 000 | 20 000 | Taket på bygningen treng renovering, då det er fleire lekkasjar. Taktroene hellene er spikra i er mitspiste og delvis rotna, slik at steinen byrjar å sige, og vatnet kjem inn. | Tette tak er noko av det viktigaste for å bevare eit kulturminne. Løebygningen har eit spesielt fint helletak noko som gjer at kulturminneverdien er høg. Søknaden fyller kriteriene for tilskot. Vi vil tilrå søknaden, og gjer midlar til vøling av helletaket. |
| 20 | Kåre Nes Nærnesvegen 34 5632 Omastrand (Kvam) | Gardssaga på Nes | 275 677 | 50 000 | avslag | Diverse tiltak for å sette bygningen i stand, mellom anna utskifting av dårleg kledning, istandsetting av vindauge med meir. | Midlane skal nyttast til tiltak innfor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsettinga av kulturminnet. Tiltaket er frå før støtta både frå Kulturminnefondet, Riksantikvaren og frå vern og vøl-midlane i fjor. Vi tilrår difor ikkje at regionale tilskot vert priorert til dette tiltaket i 2017. |
| 21 | Per Egil Juel Klostervegen 299 5455 Halsnøy Kloster (Kvinherad) | Stor løebygning «Julaløo» | 1 444 000 | 100 000 | 30 000 | Sikre takkonstruksjon. Heller dett ned etc. Mykje lekkasjar som skape skade inne i løa. Få løa tett, (tak og vegger) og sikker slik at vidare arbeid og bevaring av ho let seg gjere. | Dette er truleg den største løa i Hordaland. Løa vart reist i 1890 med særegen granittmur og det også vore mølledrift med hestar her. I samråd med administrasjonen har det blitt gjeve løyve til å sette i gang istandsettinga før søknadsfrist.. Tiltaket har representert eit stort løft for eigar og kulturminneverdiane her er sikra for lang framover. Vi tilrår søknaden. |

| | | | | | | | |
|----|--|-------------------|-----------|---------|--------|--|---|
| 22 | Sunnhordland folkehøgskule (Kvinherad) | Haugastova | 255 500 | 102 500 | 22 000 | Omlegging/reparasjon av taket på stova, som starten på eit større istandsettingsarbeid. | Haugastova var første folkehøgskulen på Vestlandet, og den tredje i Noreg. Venelaget for Halsnøy Kloster skal stå føre organiseringa av arbeidet, inkl. dugnadsarbeidet. |
| 23 | Anders og Line Heimvik Signalveien 10 1597 Moss (Lindås) | Løa på Storholmen | 50 000 | 50 000 | 20 000 | Tilskotet skal i hovudsak nyttast til sikring av løa; dvs. rette den opp og styrke primærkonstruksjonar. | Løebygningen på Storholmen har alderdommelege detaljar, og har mange fellestrekk med løer som er daterte til 15/1600 talet. Vi veit at den har vore flytta til Storholmen. Deler av konstruksjonen er svekka slik at løa no har kome ut av stilling grunna sterk vind. Elles er det lekkasjar i bygningen, slik at det no vert søkt om sikringsmidlar, dels for å halde bygningen tett og dels for å sikre konstruktiv styrke, inntil ein får høve til ei meir varig istandsetting. |
| 24 | Reidun Dale Haugland, Isdal 77, 5916 Isdalstø (Lindås) | Lemstove | 1 501 250 | 70 000 | 30 000 | Tilbakeføring og istandsetting av lemstove. Det er skader på kledning og tømmer; sopp, råte og fukt. Det som er øydelagt må erstattas. I samband med isolering av lemstova ønskjer ein å ta vare på den kledninga og det tømmeret som framleis kan brukast. Betongstein skal erstattast med teglstein. Tilskotet skal gå til materiale (tømmer, kledning og teglstein) og den ekstra arbeidstida som vert brukt til å ta vare på kulturminneverdien (til dømes ekstra tid brukt til å ta ned | Lemstovene i Isdalstunet er eit av fellestuna som var vanlege på Vestlandet før utskiftinga, og som ein framleis kan sjå konturane av. Det er positivt at eigarane vil ta vare på dei gamle lemstovene i tunet. Det er eit omfattande tiltak som er beskive i søknaden og vi kan ikkje imøtekomme heile søknadsummen men tilrår støtte til delar av tiltaket; dvs. kjøp av material. |

| | | | | | | | |
|----|---|---------------------------------|---------|--------|--------|--|---|
| | | | | | | kledning), til å vurdere tilstand og til å montere på nytt VVs å berre rive den ned utan omsyn til tilstand. | |
| 25 | Eirin Beate Åserud-Løvlid Bjørndalsvegen 244, 5918 Frekhaug (Meland) | Brakeløa til «Pernillehuset» | 92 630 | 10 000 | 10 000 | Tilskotet skal nyttast til restaurering av brakeveggene i låven. | Løa i Pernilletunet i Bjørndalen er ein representant for våre yngste grindløer bygd med våre eldste teknikkar. Vøling av brakjeveggar, som søknaden omhandlar, er svært kostnadskrevjande. Det er lagt opp til å sette i stand brakjeveggane ved hjelp av kurs og dugnad for å få kostnaden ned. Vi tilrår støtte. |
| 26 | Jorun Espetvedt Bustølvegen 62, 5918 FREKHAUG (Meland) | Reiskapshus/verkstad | 337 000 | 30 000 | 20 000 | Bygningen har éin påfallande skade. Den søre gavlen har i så å seia heile si høgd fått ei helling utover slik at det har opna seg «gap» mellom gavlveggen og langveggene på begge sider. | Tørrmurte konstruksjonar er det mange av i Meland og kan seiast å vere eit særtrekk for Nordhordlandsgenerasjonen. For nokre tiår sidan var det tett mellom slike bygningar, men i dag ser ein at dei forsvinn litt etter litt. Dette skuldast dels at desse bygningane ikkje lenger er i bruk og dels manglande kunnskap om å halde vedlike slike konstruksjonar. Å sette i stand ein tørrmurt konstruksjon er kostbart og det er prisverdig at ein privat eigar tek initiativ til ei slik istandsetting. Vi tilrår å støtte tiltaket. |

| | | | | | | | |
|----|---|----------------------------|---------|---------|--------|---|--|
| 27 | Tore Naasen Renneberg 7 (Odda) | Bustadhus «Motippen 2» | 352 290 | 146 145 | 20 000 | Skifte av råteskada kledning, skraping og maling av fasaden, samt diverse mindre tiltak. | Denne bygningen har fått behalde stor grad av autentisitet, då relativt lite (flg. Byantikvaren) av bygningselement og opphavleg rominndeling er skifta ut, eller endra. Dei omsøkte tiltaka fell inn under kriteria for støtte, og vi vil tilrå støtte til tiltaket. |
| 28 | Ola Espeland (Odda) | Stabbur på Espeland i Odda | 754 800 | 50 000 | 25 000 | Sikre fundamenteringen er hovedfokusert slik at en unngår framtidig bygningskollaps. Fundamentpunktene rundt huset må graves frem og reetableres på stødig, frostfritt underlag. Grave bort jord og stein som leder vann inn mot fundamentpilarene. | Dette er ein sjeldan bygning, og ikkje berre på grunn av alder. Espeland har vært ein velstående gard og derfor er stabburet er uvanlig stort, med flotte detaljer og godt handverk. Eigar har gjennom åra heldt stabburet i god stand, det er ikkje noko råte, treverket er av god kvalitet, og det har ikkje vært skiftet ut noko med unntak av kledning på den eine veggen. Det er no viktig å få på retta opp og fundamentert bygningen på ein god måte. Vi tilrår tiltaket. |
| 29 | Kåre Lundal, Øyni gård, Reinsnos, 5763 Skare (Odda) | Steinbu | 567 313 | 50 000 | 25 000 | Bygningen ligg i dag med utett papptak, og planen er å legge rasteheller tilsvarande nabobu. | Murverket på denne stølen er usedvanleg godt utført, men skal bygningane kunne brukast, må taka vere tette. Dette og for å unngå råteskader som ein no ser i sperrekonstruksjonen til i den omsøkte bygningen. I prisoppsettet ser vi at eigar vil bruke stor grad av eigne midlar til prosjektet, noko som styrkjer søknaden. Vi støttar det omsøkte tiltaket. |

| | | | | | | | |
|----|--|------------|-----------|---------|--------|--|---|
| 30 | Trond Fjæra, Jordalsvegen 7B 5750 Odda (Odda) | Bustadhus | 770 500 | 50 000 | 25 000 | Rehabilitering av skifertak, samt skifte ut dårleg taktro, lekter og papp. | Byantikvaren i Odda uttaler at bygningen hadde fortent status som kommunalt verneverdig, på grunn av arkitektonisk, estetisk og ikkje minst historisk verdi. Vi er samde i denne vurderinga og tilrår støtte til arbeidet med skifertaket. |
| 31 | Tor Helge Espeland 5760 Røldal (Odda) | Løbygning | 85 500 | 20 000 | 15 000 | Ønsker å skifte kledning på sidane der kledningen er helt utslitt av vær og vind (vest-siden), samt dører og vinduer. Vil gjenopprette same stil utan å måtte male. Ønsker også anbefaling frå om korleis ein skal restaurere dørar og vindauge for å opprettholde opprinnelig fasade. | Eit jamt vedlikehald er den beste form for vern. Kvaliteten på kledninga som skal nyttast på denne løa må vere av alfuru av høg kvalitet og vil vere noko dyrare enn vanleg kledning. Tilskotsordninga skal dekke meirkostnadar med å ta vare på kulturminne. Vi tilrår tilskot |
| 32 | Malin Jordal (Odda) | Våningshus | 1 020 000 | 400 000 | Avslag | Stort rehabiliteringsprosjekt som omfattar utskifting av kledning –frå eternit til tre, alle vindauge, dører mm. | Tiltaket skildra som eit større rehabiliteringsprosjekt, der ein tilbakefører kledning og skiftar ut dører og vindauge. Støtteordninga er meint å dekke antikvariske meirkostandar knytt til restaurering. Vi tilrår avslag på søknaden. |
| 33 | Harald Bøthun Sundøyhagen 46 (Os) | Notabu | 170 000 | 50 000 | 20 000 | Istandsetting av diverse, først og fremst kledningen og golvet. | Golvet er vurdert av tømrrar til å vere farleg. Det er stor avstand mellom bjelkane, og nedbøyinga er for stor. Tiltaket er såleis tilrettelegging for vidare bruk ved å utbetre golvkonstruksjonen, men vi vil ikkje tilrå bruk av impregnerte materialar, då eksponeringa mot sjø og salt gjer at ubehandla material gjev same nytten. Når det gjeld kledningen bør denne |

| | | | | | | | |
|----|---|------------------------|---------|--------|--------|---|---|
| | | | | | | | skiftast ut med tilsvarende kledning der dette er naudsynt, med hunbord slik det er i dag, og ikkje villmarkspanel, slik det er skildra i søknaden. Vi tilrår støtte til tiltaket med på vilkår av at det vert nytta uimpregnerte material og hunbord, jf original utførelse. |
| 34 | Eirik Hordnes Raknesvegen 1080 (Fugledale) (Osterøy) | Grindaverksløy med sag | 227 200 | 35 000 | 25 000 | Utbetring av rotne stavlæggje, taksperr og feste lause snedband mot aust. Skifte taktekkning mm. | Dette grindhuset huser ei intakt sag og både konstruksjonen i seg sjølv og bygninga sin funksjon er viktige kulturminne. Det er fleire tiltak som er skildra i søknaden, men med midlane vi har til rådvelde må vi prioritere. Utskifting av fungerande bølgeblekktak til skifertak vil ikkje bli prioritert med mindre det er ei tilbakeføring. Vi vil tilrå støtte til utskifting av råteskadde delar i primærkonstruksjonen. |
| 35 | Erling Kleiveland med fleire Kleiveland, 5284 Tyssebotnen. (Osterøy) | Giljene på Askildneset | 463 000 | 30 000 | 25 000 | Omfattande restaureringsplan v/ Rune Revheim. Istandsetting av hus og stigar som tilsaman utgjer giljene. | Fangstmetoden og kulturen kring laksegiljene er unik både i nasjonal og internasjonal samanheng. Det er tatt vare på 7 slike giljer i Vaksdal kommune i dag. Tidlegare var det oppunder 100 slike giljer kring Osterøy. Tiltaket skildra i søknaden er i tråd med retningslinene for tilsotsordninga. Vi tilrår støtte. |

| | | | | | | | |
|----|---|-----------------------|-----------|--------|--------|--|--|
| 36 | Jonas Vevle 5281 Valestrandsfossen. (Osterøy) | Husmannsstove | 1 332 500 | 60 000 | 25 000 | Omfattande restaureringsplan v/ Rune Revheim. Skifte både bord og brakjekledning, byte sperr, legge om tak dvs.; både rasteheller og bølgjeblekk, vøling av skorstein samt vøling av dører og vindauge. | Tunet, med samanbyggd husmannsstove, løe og flor syner ein komplett husmannsplass. Det er ikkje mange slike heile anlegg i Hordaland og dette på Kleivi kan reddast med relativt enkle tiltak. Søknaden er i tråd med retningslinene for tilskot og vi tilrår stønad. |
| 37 | Roy-Arve Helland 5936 Manger (Radøy) | Løe og fjøsbygning | 133 933 | 53 993 | 30 000 | Generell istandsetting. Gjenreising av takkonstruksjon på møkakjellar da denne har rast samem. Utskifting av kledning på løe då denne er i svært dårlig stand. Det skal nyttast tradisjonelle metodar og material av tilsvarande kvalitet til istandsettinga. | Løa er eit godt døme på tradisjonell løe og fjøsbygning. Bygningar i tørrmur er eit særtrekk i Nordhordland. Murverket i løa på Asphaugen er av god kvalitet og går fleire stader over to etasjar. Taket over mottingen er borte og det medfører at muren rundt mottingen er meir eksponert for vatn, groe og frostsprenging. Eigar ser ut til å legge opp til ei stegvis vøling av bygningen, noko vi ser som ein fordel . Vi tilrår stønad til utbetring av taket over mottingen. |
| 38 | Venelaget for Gjerstad kraftstasjon ved Tore Økland (Tysnes) | Gjerstad Kraftstasjon | | 6 341 | Avslag | Fullfinansiering av ferdig istandsett tak, kledning, ei dør og tre vindauge. | Eit godt formidlingsprosjekt som kjem mange til gode. I fylgje vilkår for tildeling av Vern og vøl midlane heiter det: "Det kan ikkje søkjast midlar til tiltak som allereie er påbyrja, med mindre det er eit strakstiltak (lekkasje m.m.) og / eller at administrasjonen har godkjent at tiltaket kan påbyrjast før søknaden er handsama." Med bakgrunn i dette kan vi ikkje støtte tiltaket. |

| | | | | | | | |
|----|--|--|---------|---------|--------|--|---|
| 39 | Øyvind Terjesen 5778 Utne (Ullensvang) | Løe | 379 700 | 50 000 | 30 000 | Tilskotet skal nyttast til å vøle helletak og kledning. | Ut frå oppsettet er dette ein nøktern søknad der eigar går inn med ein større sum. Vedlikehald/omlegging av slike tak er eit stort og kostbart tiltak. Kulturminneverdien for slike løer ligg i stor grad i at slike helletak blir bevart, og vi vil tilrå å støtte dette tiltaket. |
| 40 | Lars Reisæter 5776 Nå (Ullensvang) | Stovebygning Husmannsplassen Nortveite | 362 725 | 50 000 | 25 000 | Vøle helletaket | Det er få husmannsplassar att i Hordaland og huset på Nordveite er ein god representant for desse. Å ha tett tak har høgste prioritet når det gjeld bevaring av kulturhistoriske bygningar. Vi tilrå støtte. |
| 41 | Knut Hoem og Signe Ameln Kampengata 28b 5700 Poststed: VOSS (Voss) | Løe på Hagen gard | 51 520 | 42 720 | 25 000 | Eigar har knytt til seg eit arkitektfirma for å utarbeide ei god tiltak- og framdriftsplan for arbeidet. Denne planen vil så vere utgangspunktet for å søkje støtte hjå aktuelle bidragsytarar. Løa skal settast i stand i tråd med gamal skikk. Målet er at løa skal halde fram å vere det landemerket det er på Mjølfjell/Eggjareid, med steinmur og laft som i dag. | Det at eigar her har knytt til seg fagkompetanse syner vilje til å få prosjektet inn på eit godt spor. Ei god plan gjer det enklare for eventuelle bidragsytarar å vurdere tilskot eller ikkje. Eit arkitektfirma vil og kunne gje råd dersom tiltaket er søknadspliktig, og slik styre prosessen på ein god måte. Løa ligg elles godt eksponert, og har ein meirverdi i det. Vi løyver midlar til utarbeiding av plan. |
| 42 | Astrid Styve Hangursvegen 42, 5704 Voss (Voss) | Lafta løe | 684 000 | 226 000 | 20 000 | Istandsetting av mur og utskifting av rote laftetømmer, sperr og sutak, samt erstatte manglande golvbjelkar og golvplank. | Bygningen er plukka ned og murane fjerna, slik at ei remontering er no eit omstendelig prosjekt. Vern og vøl midlane er meint å vere ei handsrekning til mindre tiltak, og denne søknadssummen ligg langt over det denne tilskotsordninga gjev rom for. Tiltaket er viktig for totalopplevinga av tunet, då det no |

| | | | | | | | |
|----|---|--|---------|--------|--------|---|---|
| | | | | | | | ser litt amputert ut. Får ein først prosjektet i gang vil det vere lettare å søkje midlar seinare, og vi tilrår å støtte tiltaket. |
| 43 | Eivind Sivlesøy Nærøydalsvegen 246 (Voss) | Eldhus | 20 000 | 20 000 | 20 000 | Mellombels tak for redning av bygningen. Det er tenkt ein enkel trekonstruksjon (tak over tak) med presenning over. | Sivlesøy ligg innafor verdsarvstaden Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Den verneverdige bygningsrekkja på rundt 50 m er bortimot tapt. Eldhuset er det einaste eigar vil ta vare på, og sidan det ikkje har vore løyvd midlar tidlegare er det no på høg tid å redde eldhuset før det vert eit for stor økonomisk løft. I første omgang vil dette vere reint sikringsarbeid, der ein presenning av god kvalitet hindrar vidare lekkasje og råteskade. Det vil gje eigar høve til å planleggje istandsettingsarbeidet, og søkje økonomisk og fagleg støtte, slik at prosjektet kjem inn på eit godt spor. Vi tilrår søknaden. |
| 44 | Anna Marita Hirth Blåfjellveien 19A (Voss) | Hovudhus/bustadhus | 45 000 | 30 000 | 25 000 | Ytre vedlikehald. Størst trong for utbetring eller vedlikehald har inngangspartiet som vender mot nordvest. Det ser ut til at grunnmuren her "lever" og truar med å dra dei overliggjande trekonstruksjonane frå kvarandre. | Eit viktig kulturminne som blir nytta til formidling til m.a. born og unge. Då tiltaka samla er omfattande vel vi å gje støtte til istandsetting av inngangspartiet. |
| 45 | Stiftinga Berqsliminne Voss Folkemuseum, Mølstervegen 143, 5705 Voss (Voss) | Bustadhuset - Bergslitræet, barndomsheimen til Knud og Brynjulf Berqslie | 100 000 | 30 000 | 30 000 | To rom i 1. høgda og heile 2. høgda med gang og 5 små rom bør rehabiliterast. | Tiltaket, slik det er skildra i søknaden, inneber både tilbakeføring/rehabilitering og oppgradering. Vern og vøl midlane skal primært gå til istandsetting og vi |

| | | | | | | | |
|----|------------------------------------|----------------|---------|------------------|----------------|---|---|
| | | | | | | | vil difor, i denne omgang , støtte rehabilitering og tilbakeføring, ikkje oppgradering. |
| 46 | Atle Herdlevær m/fleire (Øygarden) | Skjortesundbua | 153 500 | 113 500 | 30 000 | Skifte kledning, male, reparere tak og sikre grunnmurer | Skjortesundbua er eit godt synleg kulturminne som mange har eit forhold til og som vitnar om tider då fiske og sjøbruk var hovudnæringa her ute i Øygarden. At det er frivillige som her har teke initiativ er vurdert som ekstra positivt. Å skifte kledning, male, reparere tak og å sikre grunnmur vil auke levetida til denne bua med mange år. Vi vil gje støtte til tiltaket. |
| | | | | 3 646 054 | 992 000 | | |